

MØTEBOK

HALLINGTINGET

TID: 24.september 2010, kl. 09:00 – 14:00
STAD: Ål, Torpomoen



**REGIONRÅDET
FOR HALLINGDAL**

Desse møtte på Hallingtinget :

Erik Kaupang, Hol kommune (sak 6,7, 10) Siren Hamre, Hol kommune Halvard Lilleslett, Hol kommune (sak 6,7, 10) Tony Arild Kjøl, Hol kommune Sondre Goberg, Hol kommune	Oddvar Grøthe, Hemsedal kommune (sak 6 -9) Tove Eggen Lien, Hemsedal kommune Ernst Tore Eggen, Hemsedal kommune Olav Støyten, Hemsedal kommune
Torleif Dalseide, Ål kommune (sak 6 -9) Ivar Brevik, Ål kommune Harald Varlid, Ål kommune Torhild Helling Bergaplass, Ål kommune Inger Elise Kaslegard, Ål kommune	Gerd Eli Berge, Nes kommune Eva Bjørg Haugen, Nes kommune Nils Rodegård, Nes kommune Ingunn Fagermoen, Nes kommune
Olaug Grønseth Granli, Gol kommune Kåre Olav Solhjell, Gol kommune Steinar Medhus, Gol kommune Halvor Lilleslett, Gol kommune Tore Dag Skjerdal, Gol kommune	Tor Egil Buøen, Flå kommune Ole Johnny Stavn, Flå kommune Kristin Gullingsrud, Flå kommune Sigrid Ingeborg Gislerud, Flå kommune

Av rådmennene møtte: Lars Ole Skogen, Hol kommune, Bjørgulv Noraberg, Ål kommune, (sak 6 -9), Hege Mørk, Gol kommune, Odd Egil Stavn, Flå kommune.

Knut Arne Gurigard møtte som dagleg leiar.

Frå Buskerud fylkeskommune møtte fylkeskontaktar Laila Tryde og Dag Stenersen

Rådsordførar Oddvar Grøthe opna Hallingtinget.

SAK 06-10 KORT ORIENTERING OM ARBEIDET I REGIONRÅDET

Dagleg leiar Knut Arne Gurigard orienterte kort om arbeidet i Regionrådet og om nokre konkrete prosjekt (vedlegg 1)

SAK 07-10 ÅRSBUDSJETT FOR 2011 OG ØKONOMIPLAN OG HANDLINGSPROGRAM 2011 – 2014

Vedtak

1. Hallingtinget gjer framlegg om at kommunane vedtek forslag til driftsbudsjettet for 2011, med ei kommunal finansiering på kr. 1.300.000.
2. Til gjennomføring av tiltak i Strategisk plan for Hallingdal, rår Hallingtinget at det blir løyvd kr. 600.000 for 2011, frå kommunane i Hallingdal.
3. Med bakgrunn i vedteke handlingsprogram til Strategisk plan for Hallingdal, vedtek Hallingtinget forslag til økonomiplan 2011 – 2014.
4. Hallingtinget rår til at Regionrådet sitt disposisjonsfond minimum skal vera kr.1.000.000 ved starten av året.

5. Hallingtinget rår til at Regionrådet kan nytte inntil kr. 500.000 pr. år av disposisjonsfondet, til aktuelle tiltak som ikkje er budsjettert. Løyvingar må takast opp ved den årlege budsjetthandsaminga.
6. Hallingtinget rår til at det frå disposisjonsfondet kan det nyttast kr. 500.000 til interkommunale tiltak, der det ikkje er sett av midlar, men der kommunane er positive til deltaking. Føresetnaden er positive vedtak i den einskilde kommune.

SAK 08-10 ORIENTERING OM OG OFFISIELL OPNING AV PROSJEKTET “LIVREDDERE I HALLINGDAL”

I samband med sak 08/10, offisiell opning av prosjektet ”Livreddere i Hallingdal” og forprosjektet Hallingdal Lokalmedisinske Senter (sak 09,) deltok Helse- og omsorgsminister Anne-Grete Strøm-Erichsen. Seinare på dagen fekk Helse- og omsorgsministeren og ei orientering og omvisning ved Hallingdal sjukestugu.

Prosjektet ”Livreddere i Hallingdal”, er eit samarbeidsprosjekt mellom kommunane i Hallingdal/Regionrådet for Hallingdal og Stiftelsen Norsk Luftambulansse. Målet er m.a. at 40 % av befolkninga mellom 13 – 66 år i løpet av ein 3-års periode, skal ha vore igjennom førstehjelpsoplæring, enten på arbeidsplass eller i fritid.

I samband med opninga av ”Livreddere i Hallingdal” var det orientering frå:

- Hege Mørk, leiar i Rådmannsutvalet i Hallingdal
 - Knut Fonnelop Storhaug, ass.regionsjef Norsk Luftambulansse – region sør, prosjektleder ” Livredder i Hallingdal ”
 - Steinar Sørli, generalsekretær Norsk Luftambulansse
- Presentasjonar i vedlegg 2.

SAK 09-10 ORIENTERING OM HALLINGDAL LOKALMEDISINSKE SENTER

Regionrådet for Hallingdal og styret for Vestre Viken HF vedtok i september 2009 saman å etablere eit forprosjekt knytt til Stortingsmelding nr 47 Samhandlingsreforma : Rett behandling – på rett stad – til rett tid.

Målet med prosjektet var å finne overordna løysingar for å kunne vidareutvikle Hallingdal sjukestugu som eit lokalmedisinsk senter med base for:

- Desentraliserte spesialisthelsetenester
- Samhandling mellom spesialisthelsetenesta og kommunehelsetenesta
- Interkommunalt samarbeid om kommunale tenester innan helse og omsorg

I møte 27.8.2010 godkjente Regionrådet for Hallingdal sluttrapport for forprosjektet Hallingdal Lokalmedisinske Senter og etablering av ein mellomprosjektperiode på 4 mnd.

Desse hadde orientering om forprosjektet Hallingdal Lokalmedisinske Senter:

- Velkommen, Hallingdal og utgangspunktet for prosjektet.
Rådsordførar Oddvar Grøthe
- Hallingdal sjukestugu i samhandlingsreformen
Adm. direktør Nils .Fr. Wisløff ; Vestre Viken HF
- Prosess og status for prosjektet, vegen vidare
Leiar av prosjektgruppa, kommuneoverlege Øystein Lappegard

Presentasjonar i vedlegg 3.

Helse- og omsorgsminister Anne-Grete Strøm-Erichsen hadde innlegg etter sak 08 og 09, der ho gav honnør for prosjektet "Livreddere i Hallingdal" og initiativet og arbeidet med Hallingdal Lokalmedisinske Senter.

**SAK 10-10 FORUM NYE BERGENSBANEN, SAMFUNNANALYSE
BERGENSBANEN**

Prosjektleder i Forum Nye Bergensbanen, Jan Halvard Brekko, orienterte om samfunnsanalyse som no blir gjort for Bergensbanen. Presentasjon i vedlegg 4.

Ål 7.10.2010

Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar

Vedlegg:

1. Orientering om arbeidet i Regionrådet for Hallingdal
2. Presentasjon prosjektet "Livreddere i Hallingdal"
Sjå og nyheit Helse- og omsorgsdepartementet:
<http://www.regjeringen.no/nb/dep/hod/aktuelt/nyheter/2010/Forstehjelp-redder-liv.html?id=615530>
3. Presentasjon forprosjektet Hallingdal Lokalmedisinske Senter
4. Presentasjon samfunnsanalyse Bergensbanen